

Interpellasjon: Kvam INP

Kommuneombod.

Bakgrunn for interpellasjonen er at mange innbyggjarar har utfordringar med forvaltninga i saker som til dømes; helsesaker- Nav-saker, barnevernssaker og forvaltingssaker. Dei opplev at dei ikkje når fram i eit komplisert system.

Difor meiner me at ein kan oppretta eit eige ombod som kan hjelpe innbyggjarar med å skriva klager og henvisa dei til rette instans, enten det er eit advokatkontor, Pasient-og brukarombodet, Statsforvalteren eller klageinstansar i Nav eller i helse-systemet.

Innbyggjarane må oppleve at rettighetane deira blir ivaretatt og behandla på ein forsvarleg måte. Eit slikt ombod kan til dømes finansierast med skjønnsmidlar og prosjektmidlar.

Ombod i kommune-Noreg har ulik organisering: Ser ein på organisering og innretning er det eit brukarombod i Fredrikstad som består av 3,6 stillingar på 77 000 innbyggjarar. Eller Nav-ombodet i Agder som er det einaste i sitt slag i Norge. Det er ein stilling på eit heilt fylke. Han rekk ikkje over alle arbeidsoppgåvene han skal gjera, han fortalte at det bør vera to stillingar. Det same fortalte Brukarombod på Karmøy, det var det ein stilling i 30% som skulle dekke 43 000 innbyggjarar, ein bør ha to stillingar som kan utføra ombodsrolla på ei forsvarleg måte. Har vore i kontakt med Byombodet i Bergen, der er det to juristar og ein sekretær som dekker heile Bergen.

Dersom ein til dømes går saman med Vaksdal, Kvam og Voss om eit slikt ombod, så vil det være 28 000 innbyggjarar. Då bør ein truleg ha 1,5 til to stillingar. Det er ynskjeleg å tilsetja personar som har brei erfaring med saksbehandling frå Nav-systemet eller hos Statsforvaltaren og ein person som er Jurist.

Lenker til eksisterande ombod i Norge.

<https://www.fredrikstad.kommune.no/tjenester/helseomsorgogvelferd/brukerombud/>
<https://www.karmoy.kommune.no/aktuelt-og-nyheter/brukerombud-pa-plass.13617.aspx>
<https://agderfk.no/ombud-i-agder/nav-ombudet-i-agder/>
<https://www.oslo.kommune.no/etater-foretak-og-ombud/pasient-og-brukerombudet-i-oslo-og-akershus-og-sosial-og-eldreombudet-i-oslo/>
<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/byombudet/om-oss>

Forslag til vedtak i Kvam HST 21.02.24:

Heradstyret vil med dette be administrasjonen å starte dialog med tilfallende kommuner for å avklare muligheter for et interkommunalt samarbeid for eit ombod for innbyggjarane. Administrasjonen bes komme med avklaring av fremdrift ved neste Heradstyre

